

# Osingen



*Lokalhistorisk årsskrift 2000*

*Utgjeve av Os Mållag*

*16. årgang*

# Osingen

Utgjeve av  
Os Mållag

# 2000

## INNHALDSLISTE:

**Bernt Kristiansen og  
Lars Skorpen:**

Vestlandsmålar  
Sigurd Bugge .....side 3

**Bente Bratlund Mæland:**

NY DAG.....side 7

**Gustav Moberg:**

Osøyro for 80 år sidan.....Side 8

**Barnesider:**

Elevar i kl. 7A og 7B  
Ved Os skule .....Side 12

**Kåre Herdlevær:**

Steffen Irgens Hagevik  
ser seg tilbake.....Side 15

**Annanias Lien:**

Gamle rim og regler  
frå Os.....Side 19

**Jimmy Øvredal:**

Amuletten .....Side 21

**Kåre Herdlevær:**

Osøren Vandverk.....Side 24

**Framsida:**

Osøyro sett frå Haugsneset 1944,  
Måla av Sigurd Bugge

**Skriftnemnda:**

Anna Margreta Lunde  
Elfrid Moberg  
Kåre Herdlevær  
Gustav Moberg  
Lars Skorpen

**Teikningar:**

Ragnhild Svenning Berge

**Grafisk produksjon:**

Geo Grafisk AS Bergen  
www.geo.no

**Kr. 30,-**

## Til lesaren

« Det er vanskeleg å spå , især om framtida » , sa den danske humoristen Storm-P.

Det finst då også ein del døme på spådomar som ikkje har slått til, endå om dei som spådde var høgt kvalifiserte folk. Ein av dei var leiaren av patentstyret i USA. Omkring hundreårsskiftet som førte verda inn i 1900-talet slo han fast at alt som kunne finnast opp, det var no oppfunne. Meir var det ikkje å gjera. Den store oppfinnaren Thomas Edison som m.a. fann opp fonografen, den som seinare vart til grammofonen, hevda at den oppfinninga ikkje var noko ein kunne rekna med å tena pengar på .Og så har vi alle dei profetane som har spådd dommedag og verdas undergang på fastsette datoar.

Her i landet har vi og hatt mange spåmenn som ikkje alltid skyt blink. Det gjeld også i målstriden.

Kor mange gonger har vi ikkje fått høyra at no er det straks ute med nynorsken . Om ti år eller tjue år eller i alle høve om femti år er det nok slutt.Men så har det gått ti år og tjue år og femti år - og så er han der framleis .

Kva kan forklaringa vera ? Kva er årsaka til at nynorsken gjer så mange spådomar til skamme, både dei som kjem frå folk som synest vera velkvalifiserte og dei som kjem frå fordomsfulle, trongsynte og kunnskapslause menneske med ein like usakleg argumentasjon som den Oslo Unge Høgre nyttar i sine brosjyrar der dei omtalar nynorsken som rauting.

Lovgjevinga er ein viktig del av forklaringa, arbeidet til Noregs Mållag og alle lokallaga er ein , vedtak i kommunestyre og utfallet av skulemålsrøystingar er andre. Men heilt avgjerande er det at det finst så mange som bruker nynorsk av eigen fri vilje, av lyst og glede, i alle samanhengar, også når dei møter sterkt press frå krefter som motarbeider denne målforma. Så lenge det er så mange, mange som bruker nynorsk fordi dei kjenner at det er det beste for dei, blir det nok ikkje klaff for dei som spår undergang for målet vårt - anten dei seier han kjem om ti eller tjue eller femti år.

Men om *hundre* år, då ? Tja, ein kjend og sær dugande språkvitskapsmann - og *nynorskmann* - har nyleg spådd at om hundre år kan det henda engelsk er skriftspråket her i landet ! Dersom dette slår til , kan vi våga endå ein spådom : Det nynorske skriftmålet kjem til å leva like lenge i landet som bokmålet!

## Gledeleg Jul

Helsing frå skriftnemnda

## Helsing

Til \_\_\_\_\_

Med dei beste ynskje om god jul og eit godt nytt år!

Frå \_\_\_\_\_

# Vestlands-målararen Sigurd Bugge

*Denne artikkelen finn ein første gongen i eit lite hefte utgitt i samband med ei Bugge-utstilling tidleg på 90-talet. I redaksjonen sat Bernt Kristiansen, Hilmar Flaterås og Lars Skorpen. Nær 200 bilete vart utlånte frå velvillige til utstillinga. Langt fleire vart registrerte og avfotograferte. Materialet vart overlevert til kulturkontoret. Hftet vart gitt som klassesett til alle Os-skulane med helsing frå «Fritio i Os». Dersom du er interessert i original-heftet, som har mykje breiare bilettilfang enn denne artikkelen, kan du ta kontakt med underteikna.  
L.S.*



Sigurd Bugge var den merkelege mannen ved Oselvo. Osingen, vestlendingen, kunstnaren. Det stod strid om han politisk ein gong, men det var aldri tvil om dei kunstnarlege gåvene hans; musikken og målinga.

Det vil seia: Vi er ikkje trygge på at folk flest retteleg veit kva format Bugge hadde som kunstnar. Det er så lett å lita på ekspertisen i slike spørsmål, og ekspertisen kjem sjeldan til Os. Vi trur at Sigurd Bugge fortener – og kjem til å få – eit namn mellom viktige, norske målarar. Og skulle det ta tid, veit vi at vi kan gleda oss over den skatten han lét etter seg. For svært mange osingar (og folk utanbygds frå) kjøpte kunstverk av Bugge medan han levde, og dei fekk kjøpa billeg. Mange av verka hans er sidan tapt i brann, andre er vide spreidde.

Med Fritio-utstillinga 1993 ønskjer vi å minna bygdefolket om kven Sigurd Bugge var. Samstundes er tiltaket eit første steg på vegen for å få registrert kunsten hans.

## Den sjølvlærte

Sigurd Bernar Bugge (15/10 1902–16/3 1978) var fødd i Etne i Sunnhordland, men familien flytta til Os i 1910 då faren fekk lensmannsstillinga her. Sigurd gjekk på

skule i Os, men tok middelskuleeksamen ved Bergen Katedralskole i 1918. I 1924 tok han eksamen ved Bergens Handelsgymnasium med hovudkarakteren 1,67 (Mg).

Den unge Sigurd reiste til sjøs eit par års tid, m.a. på cruiseskipet «Meteor», men kom heim til Os der han berre 24 år gamal vart styrar for Os Forbruksforening. Seinare kjøpte han eit sjøhus ved Oselvo (Ballandhuset) og dreiv trelastlager der. Huset vart ombygd gjennom mange etappar til bustad – det mest ukonvensjonelle bustadhuset i Os sidan Ole Bull og Lysøen. Bugge arbeidde også som rekneskapsførar og bokhaldar for fleire verksemder i bygda, mellom anna for Peder Hægland Trævarefabrik. Kafévert vart han òg, saman med dottera Bjørg, då dei innreidde kjellaren i huset til vidgjetne Klubb Intim, eit lokale bokstaveleg tala fylt med kunst, antikvitatar og raritetar frå golv til tak – jamvel i taket som var dekorert med fantasifulle gipsmåleri. Kafeen, huset og hundretals kunstverk gjekk opp i røyk under den store brannen på Osøyro 9. juni 1982.

Sigurd Bugge var aktiv og interessert på mange område. Hovudinteressene var



*Os prestegard sett mot Bjørnafjorden kring 1860. Biletet er måla i 1963 etter fotografi.*

musikk, måling, språk og historie. Han var ein habil fiolinist og fiolinlærer. Og instrumentmaker. Han bygde både ein fiolin og ein cello. Då Os Strykemusikk og Os Hornorkester vart slegne saman til Os Musikkforening, vart Bugge den første formannen. Seinare vart han utnemnd til æresmedlem.

Språk og historie vart flittig studert ved elvo. Grunnlaget i engelsk, tysk og spansk fekk han med seg frå skulen, men seinare gjekk han vidare med fransk, gresk, latin, russisk, ungarsk, tsjekkisk, finsk og islandsk. Det meste lært gjennom nattleg glose- og gramatikkpugg heime. Han fortalde om metoden sin at han skreiv ned ord på små lappar som vart klistra på veggene alle stader i huset. Tolv språk forstod han, og kunnskapane kom til nytte mellom anna då han vart arbeidsformann, tolk og konsulent for Kirk Douglas og andre filmfolk som spela inn filmen «The Vikings» i Mauranger i 1957.

Best kjend er Sigurd Bugge som målar. Han tok opp denne hobbyen i tenåra, men det var først etter tida som styrar ved Os Forbruksforening at han la alvor i kunststudiane. Også på dette området var han heilt ut sjølvlært. Dei siste 20–30 åra av livet var målinga meir eller mindre levebrødet for han. Han hadde sin rikaste og mest produktive periode i 1960-åra. Landskap og portrett «rann» i hundretal frå atelieret ved elvo. Og var staffeliet tomt, tok han skisseblokka med ned i kafeen for å laga kroki av gjestane – med blyant, kolstift eller tjukk merkepenn. Alltid øvde han hand og auga.

Kunsten kasta ikkje mykje av seg, og det var ofte vanskelege tider for familien. Det etablerte kunstmiljøet såg lite til hans kant, og mellom bygdefolket var det få som forstod seg på arbeidet hans – eller hadde råd til å kjøpa. Det fanst også dei som ikkje ville ha noko med han å gjera av politiske årsaker.



*Portrett av lærar Daniel Grindevoll.  
Biletet heng på Os skule.*

Kan henda kom oppdraget i seinaste laget, men omsider fekk Sigurd Bugge oppgåva med å måla alle ordførarane i Os frå den første vart innsett i 1838. Dette vart eit galleri av dei sjeldne – men diverre kan ein på somme av portretta sjå at helsa til kunstnaren var svekka. 21 bilete vart det, og då mangla det eitt: Sigurd Bugge ville ikkje måla seg sjølv i denne samanhengen.



*Portrett av Hjørdis Juvik 1963. 60-åra var truleg den rikaste perioden for Bugge som kunstnar, ikkje minst som portrettor.*

### Vanskelege krigs- og etterkrigsår

Sigurd Bugge fann i nasjonalsosialismen mange av sine eigne meiningar og overtydingar. Då okkupasjonen kom i 1940, fekk han ei rolle å spela som øydela mykje mellom han og andre osingar, og som han måtte betala dyrt for resten av livet.

Etter at tyskarane hadde funne vegen til Os, vart Bugge nytta ein del som tolk, språkmektig som han var, og frå hausten 1941 fekk han arbeid som timeskrivar og arbeidsleiar ved eit tysk anlegg på Skjold i Fana. Hausten 1942 vart han utnemnd til ordførar for Os heradsting (frå vinteren 1945 også for Tysnes). Bugge vart mistenkt for å samarbeida med okkupasjonsmakta. Men det finst ikkje prov for slike påstandar, snarare tvert om er det ting som tyder på at Bugge la seg som fender mellom tyskarar og osingar. Han tok heller ikkje opp framlegg om ytingar til NS-føremål. Som

Arnfinn Haga skriv i Bygdesoga for Os: «Me hadde levt i ei tid som ikkje minst gav grobotn for mistankar, og ei tid etter krigen var det lett føre å dela folket i ein 'svart' del og ein 'kvit'. Ein av dei som syner at det målarstykket har for få fargar, er Sigurd Bugge. Han måtte i retten svara for sitt NS-medlemskap, men det er ikkje tvil om at osingane kunde vore mykje verre farne under ein annan ordførar i dei tider.»

Men Bugge vart dømd til to og eit halvt års tvangsarbeid, og tilhøva under fangeopphaldet var ublide. Då han omsider slapp ut, var helsa hans langt på veg øydelagd. Og heime hadde familien hatt både folkesnakk og trakassering å stri med.

### **Kolorisme, variasjon, kraft**

Eg boltrar meg i gråmelerte tonar, sa Sigurd Bugge ein gong om teknikken sin. Men det var nok ikkje grått han meinte. For han var kolorist, svært vår og kjensleformidlande, men også kraftfull og sikker, ein målar med mange teknikkar og mange uttrykk for stemningar. Han «melerte» tonane i bileta til harmoniske fargeklanger – om det galdt portrett og landskap i olje, eller lynraske skisser i akvarell. Vått vestlandsklima vart kan henda ein spesialitet for Bugge, men så kunne han også spraka til i klåre og sterke solskinsfargar når høvet baud seg. Han var allsidig varierende og – etter kvart som han utvikla seg – stadig dristigare. Kraft og kunstnarleg mot kom til uttrykk i oljemåleria, men endå meir i akvarellar minuttstudiar – og i teikningar. Kroki med tusjmerkepenningar, av dei første, klumpige typane som kom på marknaden, vart noko av eit sermerke. Ikkje få turistar har teke

med seg heim frå Os ein tre-minutts studie laga ved eit av kafeborda på Klubb Intim.

### **Portrettøren**

Eit oljeportrett i rame på veggen... Det høyrer heime i styreromma, hotellsalongane eller i rikfolks hus. I Os er det ikkje slik. Her finst mange stover med verdfulle portrett av kvardagsmenneske. Det kjem av at vi hadde Sigurd Bugge, og at han var rimeleg når han skulle dela ut av talentet sitt.

Han fekk også etter kvart – litt for seint kan henda – meir offisielle oppgåver: ordførargalleriet er nemnt, men han har også gjeve målerisk liv til mange andre framstående menn og kvinner i og utanfor bygda. For no heng også Sigurd Bugge på styreromma og i direktørkontora kringom. Og der gjer bileta seg heiderleg gjeldande. Men for osingar flest var han den «demokratiske» målaren som tok kvart eit andlet på alvor.

### **Familien**

Sigurd Bugge var gift med Ingeborg (f. Rossnes, 1904) frå Ovågen i Øygarden. Dei fekk borna Bjørg (1931), Kjell (1936) og Rolf (1938). Av barneborna har Sølvi og Bjørn vakse opp i Bugge-huset ved Oselvo, huset med det allsidige, merkelege og spennande innhaldet. Det var ein samansveisa familie, og Sigurd var det naturlege midtpunktet; underhaldar, «lærer» og meklar. Då han døydde, mista Os-bygda ein kunstnar, men dei næraste mista først og fremst ein familiefar av beste merke.

---

## **SMITTSAM KJÆRLEIK**

av Bente Bratlund Mæland

Eg ønskjer meg ein epidemi av  
smittsam kjærleik  
Menneske med rause liv  
sprer tilgjeving og håp  
Menneske som veit at kjærleik  
kjem tilbake i fleirfold  
så ingen ting treng haldast  
tilbake

# NY DAG

av Bente Bratlund Mæland

Opnar vindauga og  
pustar inn grått regn  
Det er ein ny dag  
Eg tenkjer: Visst regnar det  
Men alt godt kan skje

Nokon kan planta eit  
tre i dag  
Nokon kan by fram ei  
glede  
Nokon kan ta imot  
om eg strekkjer  
handa fram



## Osøyro for åtti år sidan: **Grøne grasbakkar om sommaren, dans på torget på nyårskvelden**

*Osøyro - og livet på Osøyro - har endra seg mykje på nokre få generasjonar, men det finst enno folk som hugsar korleis det var for trekvart hundre år sidan - og vel so det. For nokre år sidan sette tre karar seg ned og berre prata i veg om smått og og stort , slik dei mintest livet på Osøyro frå omkring 1920 og nokre år framover - i ei tid då dei var smågutar. Ein lydopptakar stod på , og her er litt av det dei mintest. Dei som prata var brørne Øystein og Alfred Næss ( f. i 1912 og 1914) og fetteren deira Kåre Kristiansen ( f. 1913). Alle tre budde på Osøyro eller like ved øyro i barndommen.*



**Osøyro kring 1920, Foto: LHA**

I tillegg til alle dei store og moderne bygningane, i tillegg til utfyllinga på «Granen», i tillegg til brua over til Haugsneset , i tillegg til asfalt og steinsette areal og i tillegg til alle bilane, er skilnaden mellom Osøyro i 1920 og Osøyro i 2000 at det den gongen *budde* så mange menneske på Øyro. Det budde folk i så godt som alle hus, små og store, og dei budde svært trøngt etter våre dagars målestokk. Ingen vanlege familliar hadde meir enn to rom og kjøken Einslege budde gjerne på eit

loftsrom. «Kari Fjero», som ho vart kalla, budde i eit ørlite hus heilt nede mot sjøen og ho hadde både Skomakar-Nils'n og svensken Lasse buande hos seg.

Jau, det var trøngt, men triveleg. Sjølsagt kunne det vera kiv og krangel i den tida også, m.a. fordi det ikkje berre var trøngt *inne* i husa, men mange stader *mellom* husa også. Gamle Osøyro var tettbygd. Ein stad var det usemje om kven sin grunn klessnorene gjekk over. Den eine sette opp



klessnorer eine dagen - berre for å oppleve at grannen hadde skore dei ned dagen etter.

Men folk hjelpte kvarandre. Når det var stor flod og vatnet fløynde oppover Sildagato, tok Gamle-Balland'n og bar fabrikkjentene frå sildafabrikken og opp på tørt land. Han var forresten sjølvhjelpen då han var så uheldig at han braut lårbeinet. Det var ikkje snakk om rullestol den gongen. Han tok ein vanleg pinnestol og brukte som gå-stol. Og når han vart trøytt eller det verke for mykje i beinet, sette han seg berre ned på stolen og tok seg ein kvil.

Gamle-Balland'n var båtbyggjar og når gutungane skulle byggja seg ein pram, fekk dei material hos han - båtbord med feil. Om dei ikkje kunne nyttast i ein skikkeleg oselvar, var dei godt brukande i ein pram.

Det hørde med til barnelærdommen at ungane skulle ha respekt for dei vaksne, men samtidig var det på mange måtar mindre skilje mellom generasjonane enn i dag. Det var mykje leik på Øyro, og både barn og vaksne var i lag når dei slo springball eller dreiv med andre ballspel.

Men somme tider var det dei vaksne som leika og hadde moro, som på nyårsaftan. Då kledde dei seg ut og hadde dansemoro midt på Øyro. Ei nyårsafta fann onkel Olav (J. Moberg), Peder Lyssand og Hans Bjånes på at dei skulle kle seg ut. Hans Bjånes hadde ikkje med seg noko utstyr til slikt og han hadde lang veg heim. Bestemor fann eit gammalt dynetrek, men så vart det spørsmål om maske. «Eg har beis som er løyseleg i vatn og lett å vaska av etterpå», sa Bernt Kristiansen. Einkvan gjekk til verkstaden og kom att med beis. Hans'n vart så brun som ein indianar. Ulykka var berre at han i farten hadde fått anilinbeis som slett ikkje var lett å vaska av. Det vart sagt at han måtte halda seg bort frå Osøyro i fjorten dagar etterpå!

Dei utkleddesamlast ved Kuven-stasjonen og gjekk i samla flokk ned til Osøyro og der

vart det halde dansemoro i friluft. Ein gong var det 15 kuldegradar, men dansarane heldt varmen. Det var verre med brørne Johan Arnt og Karl Moberg som spelte trekkspel med pulsvantar.

Det kunne vera så mang slags underhaldning på Osøyro. Som den gongen då gamle Nicolaysen hadde fått seg grammofon, av det slaget med ein stor tut der lyden kom ut. Han bar grammofonen omkring og spelte for alle som ville høyra. Ei plate om mannen som skulle til tannlegen var særleg populær.

Folk hadde den moroa dei laga sjølve, og noko av moroa var nok slik at somme ville kalla det rampestrekar. To gitar som var særleg oppfinnsame i så måte, greidde å byta om alle kleda på snorene til Hanna Kuven og Gunnars-Anno. Dei to nabodamene fekk ein heil jobb med å få orden i sakene.

Det var dei same to karane som i skyminga ein haustkveld hadde knytt ei tynn snor i handvogna til forbruksforeningen. Ein av bakarane kom over Øyro på veg til bakeriet for å gå i gang med deigen til neste dags brød. Gutane som hadde gøymt seg godt, drog i snora så handvogna trilla i same farten som bakaren gjekk. Han stogga - og vogna stogga. Så gjekk han litt - og vogna likeins. Mysteriet med handvogna som gjekk av seg sjølv, vart nok løyst, men det gjekk lang tid før det vart kjent kven som hadde ansvaret for fantestykket.

Det var ikkje berre folkelivet som var annleis enn no. Det same galdt dyrelivet og plantelivet. Det var folk som hadde høns gåande i fjero og det var dei som heldt gris. Det var spennande når Almeland'n kom og skulle slakta., særleg den gongen då han løfta øksa utan at ho kom ned att fordi han hadde vikla henne inn i klessnorene. Men plantelivet? På sjølve Osøyro var det nok ikkje planta noko særleg, men før bilane og asfalten og belegningssteinen kom, grodde graset villig. Det var grasbakke

framfor Tøsdalsnausto (eller stallane som husa vart kalla). Dei stod der Os Privatbank bygde seinare, det som no er den eldste delen av bygningane til Den norske Bank. Og det var grasbakke framfor Forbruksforeningen (i dag Oshjørnet) og graset fekk gro fritt der Midtpunkt ligg i dag.

Bortsett frå Osbanen, den smalspora jernbanen mellom Os og Nesttun, som på denne tida alt hadde gått i omlag eit kvart hundreår, var det var hest og kjerre som utgjorde så godt som all køyrande trafikk. Det kunne vera ei mengd med hestekøyrety på Osøyro. Trafikkproblem kunne det vera den gongen også, men trafikkulykker var det lite av. Ein gong var det likevel ei hending som kunne ha gått ille. Det stod ein hest frå Halhjem «parkert» utanfor foreningsbuo på Osøyro og nokre småjenter sette seg opp i kjerra. Då var det eitkvart som skremde hesten, kanskje noko papir som flaksa i vinden. Hesten sleit seg og sette ut i galopp over Osøyro. Han tok så knapp sving ved kommunehuset at hjulakslingen sleit med seg halve hjørnebordet. Jentene hylte av skrekk. Då var det Skomakar-Nils'n som berga dei. Han var svær til å springa og la ut det beste han kunne. Oppe i bakken utanfor kaien nådde han att hesten og fekk stansa den ville ferda. Litt etter var han tilbake på Osøyro med hesten og jentene - alle uskadde.

Hestane var ikkje dei einaste dyra på Osøyro. I tillegg til det som fanst av så å seia fastbuande høns og gris, var det av og til husdyrsjå på øyro. På eit hestesjå var den fine fjordingen til nyepresten (Knut Saure) ein av deltakarane og gutane var litt forundra over at han ikkje fekk førstepremie. Men dommaren, statskonsulenten for hest, var streng. Fjordingen hadde for lange bein, sa han. Og så var det var saue- og geiteutstillingar, med Hans Lyssand som dommar. Og ein gong var det fullt av oksar i dei gamle stallane.

Idrettsstemne vart det og halde på Øyro, m.a. krinsturnstemne i 1922, men for smågutane var det kanskje like mykje stas med den svært lokale tevlinga i terrengløp i Mobergshaugane, arrangert av Ivar Leganger som også hadde vore innom eitt av bakeria og fått gamle bollar som han delte i fire. Det var premiane.

Dei fleste som budde på Osøyro i tida omkring 1920, var innfødde osingar, men det var og ein del innflyttarar. Ein mann som vart lagd merke til, var Glambeksen, ein stor og kraftig kar, god idrettsmann. Han reiste seinare til Amerika og der stod han m.a. modell for ein bilethoggar. Ein statue han hadde stått modell til, var seinare å sjå i ein park i New York.

I fleire år var det eit sterkt innslag av svenskar i Os. Det hadde samanheng med den store bybrannen i Bergen i 1916. Då oppattbygginga tok til, vart det godt med arbeid for bygningsfolk, m.a. murarar. I Sverige var ikkje så gode tider og mange svenskar reiste til Bergen. Nokre av svenskane hamna i Os, kanskje 6-8 mann, m.a. for å arbeida på dei mange husa Chr. Michelsen fekk bygd her. Det var svenske murarar som bygde både meieriet og Os Bad, og det brannsikre arkivrommet i den nye prestebustaden som vart bygd i 1922/23, vart murt av Valfred Nykvist (som vart gift med ei tante av dei tre som fortel dette). Dei flytte seinare til Sverige, og dei andre svenskane reiste også etterkvart frå Os.

I tillegg til det som var av butikkar, var det også ein god del anna arbeidsliv på Osøyro. Båtbyggjar Balland er nemnt, men elles var det fleire bakeri, Jacob Hægland dreiv sin trevarefabrikk og ein arbeidsstad som mange var innom, var sildafabrikken som han heitte på folkemunn, hermetikkfabrikken som eigentleg heitte Bergen Packing Company. Drifta der gjekk mykje opp og ned alt etter tilgangen på råstoff, og når det kom brisling til fabrikk, strøynde arbeidsfolk til frå alle

kantar av bygda. Elles var det blekkmakarverkstad og smie på Osøyro, og bestefar til dei tre som minnest barndommen kring 1920, dreiv skomakarverkstad med opptil 7-8 mann i arbeid då det var på det meste. I den tida dreiv ikkje skomakarane berre med å sola og vøla sko, dei laga sko også. Bestefaren laga til og med ortopediske sko. Kunden kom og la den vonde foten på ein speiell krakk han hadde, så skar og smidde han til ein leist og sydde sko.

I dag er det svært lite att av Osøyro slik ho var for trekvart hundre år sidan. Ein av dei få bygningane som vart reiste i den tida, står der likevel enno. Det er hjørnehuset til

Matstova. Med sitt avrunda hjørne og det rare vesle tårnet står det som eit minne om ei anna tid. Dei tre som var smågutar i åra omkring 1920, er samde om at både Osøyro og heile samfunnet har hatt ein imponerende framgang sidan den gongen. Men, seier dei, vi har nok tapt noko på vegen: Så mykje var smått og fattigsleg den gongen, men slik dei minnest det, var det det eit varmare lokalsamfunn, alle kjende kvarandre, folk levde tettare innpå kvarandre og brydde seg kanskje meir om kvarandre enn i våre dagar.

*Det dei tre fetrane mintest er redigert og skrivne av ein fjerde fetter, Gustav Moberg*

---

## SONGENTIL DEG

av Bente Bratlund Mæland



Eg har ein song til deg  
Alltid syng han i kroppen min

Eg slepp han ut i små strofar  
gjennom smilet i augo mine  
varmen i fingertuppane  
pusten min i natta

Kanskje  
viss du er heilt heilt stille  
og lyttar  
så høyrer du...

# BARNE

# SIDER

VED KL. 7A OG 7B, OS SKULE



Arne Mæland. Foto: Kl. 7B

**Vi er to jenter på 12 år frå klasse 7b på Os skule. Vi har vore og intervjuet den mest kjente kunstnaren på Os, Arne Mæland.**

**1: Var det kunstnar du ville bli?**

Nei, eg drømde vel om å bli snikkar, men eg blei jo lærar.

**2: Kvifor blei du kunstnar?**

Fordi eg likte å bruka knivar til å lage trefigurar.

**3: Trivst du som kunstnar?**

Ja, eg trivst veldig godt, eg likar å laga skulpturar, og eg får reisa mykje.

**4: Kva heiter den første skulpturen du laga?**

Den heiter "Ung jente".

**5: Kor gamal var du da du begynte som kunstnar?**

Da var eg 25 år gamal.

**6: Er det hobbyen din eller jobben din?**

Før var det hobbyen min, men no er det jobben min.

**7: Har du gått på kunstskule?**

Nei, eg er sjøvlært.

**8: Kjem du frå Os?**

Nei, eg kjem frå Etne.

**9: Kor mange skulpturar har du laga?**

Nei, det er veldig mange, det er i alle fall over hundre.

**10: Kor ofte lagar du skulpturar?**

Eg lagar alltid noko, men ikkje berre skulpturar, eg malar og.

**11: Er det nokon du lagar skulpturar av?**

Ja, eg brukar ofte modellar.

**12: Lagar du andre ting enn skulpturar?**

Ja, eg malar, lagar utsmykkingar og relieff.

**13: Kor lang tid brukar du på ein skulptur?**

Når eg lagar av marmor, kan eg bruka alt ifrå 1 veke til ein månad. Men når eg brukar bronse brukar eg i frå 6 månader til i verste fall 1 år.

**14: Har du nokre førebilete?**

Ja, eg har Ingebrigt Vik og Giacometti.

*Lesarinnlegg*

## Kjedeleg i Os

Eg synest det ER for lite aktivitetar for ungdommen i Os. Eg synest at kommunen kan for eksempel spandere ein skatepark, slik at ungdommen har ein stad å vere og kanskje ha det litt gøyare enn å henge på Os. Dei som brukte parken kunne dele på å halde orden. Dei som brukte parken kunne betale medlemsavgift, slik at dei som styrer det kunne bruke pengane på nye ting i parken.

## GÅTER

1. Kor mange skal det til for å laga ein Lada?
2. Kva er ein Lada oppe på ein bakketopp?
3. Veit du kvifor dei nye Ladabilane ikkje har motor?
4. Kva er Lada sjåføren sitt største ønskje?
5. Kva er det som har tenner men ikkje kjeve?
6. Kva er det som har hals men ikkje hovud?
7. Kvifor er negrane kvite inni hendene og under beina?

Alle borna sprang frå bomba unntatt Stompa han hadde den i rompa.

Alle borna var fattige unntatt Frode han kunne pappa sin minibank-kode.


Alle borna stoppa ved stupet unntatt Mats han tok sats.

Alle borna vakna om morgonen unntatt Finn han sovna stille inn.

Alle borna stal sjokolade unntatt Raggen han stal Sinnataggen.

Alle borna leika med øks unntatt Anna ho hadde den i panna.

Alle borna leika med tau unntatt Bengt han var hengt.




### Vassrett

1. Årstid
2. Jentenamn
4. Vegar
5. Konsonantar
6. Klokke
7. Stad
8. Motsett av ned
10. Havets sølv

### Loddrett

1. Gate
2. Gutenamn
4. Del av døgnet
5. Verdsdel
6. To like
7. Politisk parti
9. Kald dessert

# X DRO



1. Ein populær ballsport
2. Fisk med skjegg
3. Pluss og ...
4. Eit varmeapparat

5. Ein feirar.....dagen ein blei fødd
6. Kjend trebåt frå Os
7. Båtmerke frå Os

Svaret finn du bakerst i bladet.

Har du høyrte om svensken som aldri gjekk ut med kona si fordi han hadde høyrte at det var galt å gå ut med gifte kvinner.

Veit du kvifor det trengst 301 svenskar for å skifta ei lyspære?  
Ein til å halda pæra og 300 til å dreia huset

I vår familie har alle førarkort. Jaså, og kven har bilen mest?  
Olsens bilverkstad!

Olje er farlege greier, sa Per. I går opna eg ein boks sardiner i olje, dei var døde Alle saman .....

Ver så god, ein skotsikker vest. Men kva om den ikkje virkar?  
Då får du pengane att ....

Son til forbrytaren var oppe til munnleg eksamen. Etterpå spurde faren:  
Nå gutt, korleis gjekk det?  
Det var tøft, to stykker forhøyrde meg i ein time, Men eg røpte ingen ting

# *Haustdikt*

*Det er haust  
Blada skiftar farge  
Til alle moglege fargar –  
gult, raudt, grønt, oransje  
Det er så fint*

*Når hausten set inn  
med regn og sludd og vind  
Kan du finne deg ein søledam  
og plaske rundt i søl og slam*

*Hausten er vår vakre tid  
Trea får fargar  
Vi lengtar etter ski  
Det byrjar å bli surt ver  
Det er rett før det "sner"*

---

## **INTERVJU MED PATRICIA** **dans- og dramalæraren vår.**

Kor kjem du i frå?

**Svar:** Eg kjem i frå Chile.

I kor mange år har du dansa?

**Svar:** Eg har alltid dansa.

Var du dans- og dramalærer før du kom til  
Os?

**Svar:** Ja, i Chile.

Likar du best dans eller drama?

**Svar:** Eg likar ei blanding.

Lærer barna i Chile å danse på skulen?

Dansar dei mykje?

**Svar:** Nei, dei lærer å danse heime.

Kvifor vil du lære barna i Os dans- og drama?

**Svar:** Fordi dans betyr glede.

7. Kvifor trur du at det er så få gutar i Os  
som går på dans- og drama?

**Svar:** Dei tør ikkje.

Trur du gutane i Chile dansar meir enn  
gutane i Os?

**Svar:** Ja, absolutt.

Kan du nokre norske dansar og? (halling,  
reinlender, polka)

**Svar:** Polka, det kan eg.

Når dansar barna i Chile? Har dei ein  
nasjonaldans?

**Svar:** Dei dansar på skulen, på familiefest,  
eller når dei har lyst.

Nasjonaldansen vår heiter Cueca.

Lærer du barna dine å danse?

**Svar:** Eg lærer dei ikkje det akkurat, men vi  
dansar mykje saman.

**Dans og drama er heilt topp  
PATRICIA stiller alltid opp !**

**No skal vi ha eit skuespell  
Eg håpar vi verkeleg får det tell !**

**Vi lagar av og til litt støy  
Men vi har det KJEMPEGØY !**

**Ballett!**

Vi dansar så lett på tå  
Vi hoppar og spretter og.  
Men det er ein ting vi må passe på  
Det er å ikkje knekke ei tå!!

# Steffen Irgens Hagevik ser seg tilbake

ved Kåre Herdlevær

**Steffen Irgens Hagevik, som no går i sitt 93 år, har opplevd mangt gjennom eit langt liv. Framleis har han sin nesten daglege gange på Osøyro for å handla til livets opphald. Ein tur innom Eldresenteret for ein kopp kaffi vert det òg tid til, før han tar bussen heim til Storhaugen, der han bygde hus i 1951. Om ikkje helsa er heilt på topp, så er tanken klår og minnet godt. Det er difor ei triveleg stund saman med Steffen når han ser seg tilbake.**

Steffen er fødd på Sundøy i 1907. Faren, Steffen Hagevik, døydde same året. Steffen fortel at han vart døypt same dagen som faren vart gravlagd. Mora, som kom frå brnr. 1 på Lepsøy, var først gift med Steffen Hagevik. Då mannen døydde kjøpte ho i 1908 ein tomt av brnr. 11, Skjeie, som fekk namnet "Furulund". Ho bygde hus og busette seg der. I 1912 gifta ho seg med eigaren av brnr. 11, Christopher Irgens. Steffen er såleis oppvaksen på Irgensgarden.

Med oppvekst på gard var det ikkje så unaturleg at han gjekk Stend Jordbruksskule, sjølv om han ikkje var arving til "Irgensgarden". Men då han i vaksen alder kjøpte om lag 30 mål av brnr. 11, tok han til med sølvrefarm. Men noko langvarig inntektskjelde vart det ikkje for han. Men: "Eg kom no skadeslaus frå da," seier han. Det vart biltransport i ulike former som vart Steffen si livsgjerning.

## Lastebiltransport

Først satsa han på lastebiltransport. Han skaffa seg eit Volvo chassie og fekk smeden på Kalandseid til å byggja styrehus og lastekasse. "Bilen min kom på kr. 7.500,- og var den flottaste lastebilen på Bergenshalvøyo", seier han. (Smeden på Kalandseid heitte Salbuvik og dreiv ei smie omlag der Kalandseid Karosseri A/S har verksemda si no og det er etterkomaren etter Salbuvik som driv denne verksemda.) Då han kjøpte lastebilen var det berre 12-15 bilar i Os. Nokre lastebilar og privatbilar og to drosjar, Gabriel Bjoarvik og Vinsjans Lyssand.

Med bustad i nærleiken av Kysthospitalet var det rimeleg at han fekk fast køyring for



Steffen Irgens Hagevik. Foto: Os & Fusa Posten.

hospitalet. Kvar dag måtte han ein tur til byen for å henta koks. Vegane var ikkje så gode. Smal køyrebane og skarpe svingar. Det var påbod om å fløyta i alle svingar for ikkje å skræma hestane, for det var endå stor trafikk med hest og kjerra. Hestane var redde, slik det står i ein uttale frå Os Heradstyre: "Herredstyret har allerede tidligere protestert mot Motorvognernes Bruk paa Veiene i Os idet man finder Veiene med sine skarpe Sving og utilstrækkelige Bredde noksaa farefuld at trafikere for vor almindelige Kjørsle med Hest, idet man nu kan vente at møte disse nymotens Kjoretøier, der viser

sig at være en Skræk for de fleste Heste." Rett nok var denne uttalen frå 1910, men det viste seg altså at det på 1930-talet framleis var slik at kusken måtte halda hesten når den møtte "disse nymotens Kjøretøier".

### **Bilen i fylkestinget for nitti år sidan**

Mathias Erichsen som var ordførar i Os i 1910 har nok vore svært oppteken av dei problema bilen skapte på vegar der det aldri hadde vore anna enn hestekøyrety og folk som gjekk til fots. Same året som heradstyret i Os gjorde det vedtaket om biltrafikken som er nemnt i intervjuet med Steffen Irgens-Hagevik, tok ordførar Erichsen saka opp i fylkestinget. Han ordla seg heilt i tråd med heradstyrevedtaket. Etter referatet frå fylkestinget sa ordførar Erichsen m.a.: «Jeg har lyst at se den hest som ikke skvætter, når den møter et av disse «uhyrer» naar det kommer susende nedover disse bratte bakker. Ingen kan garantere at der ikke sker tap av menneskeliv med de veier vi har. Enkelte steder er det saa trangt at man ikke kan komme forbi hinanden. Værst er det i de skarpe sving, hvor man ikke kan se hverandre, før man er like indpaa, og da kan en ulykke let passere».

Mange talarar var samde med ordførar-en frå Os.

Ordførar Lillegraven frå Granvin klaga over at ein ikkje kunne senda «kvinnfolk og halvaksne ut på vegen med hest som ein hadde gjort før». G.M Lid frå Fana sa at det var mange bilførarar som beintfram la an på å erta bøndene og Mugås frå Evanger meinte ein måtte byggja nye vegar og vøla dei gamle. Men som vegane var no, trong ein sjå seg føre innan ein sleppte bilferdsla laus.

I dei 3-4 åra Steffen dreiv lastebiltransport vart det mykje gruskøyring. Det var berre grusvegar og kommunen hadde ikkje lastebil. Den første kommunale lastebilen kom i 1946. Grus og støypesand, som det også var etterspurnad etter, tok dei i grustaket til Jacob Hetleflåt, der det no er ein fin grasbakke. Det var mykje arbeid med eit gruslass. Lessinga måtte sjåføren ta seg av for hand, med spade. Det skulle sterke armar og sterk rygg til for å hiva opp på lasteplanet 13-14 hektoliter, eller over 2 tonn. Men så var, og er Steffen ein

heller røsleg kar. Ekstra tungt var det då Jacob`en sa at: "i dag får du ta på djupno". Det var "på djupno" den beste støypesanden låg. Men når eg spør om han då måtte hiva i to kast, ser han litt rart på meg, som om eg trudde han ikkje greidde det i eitt. Det var ikkje så mykje å tena på gruskøyring. Betalinga for eit lass var kr. 6,50. Jacob Hetleflåt skulle ha kr. 1,50 og då sat Steffen igjen med kr 5,- for lasset. Men ei trøyst var det at bensinen var billeg og så hadde han bensinpumpa heime, ved garasjen. Så han hadde som ein bensinstasjon òg, for levering til andre. Bensinen kosta 25 øre literen og han fekk 1 øre for kvar liter han selde. Men med få bilar i drift i bygda vart ikkje inntekta for dette så stor. Steffen seier han gjorde det godt i lastebilnæringa samanlikna med andre som dreiv same transporten. Men likevel dreiv han ikkje meir enn 3-4 år. Då gjekk han over til å køyra buss i rutebilselskapet Os-Bergen eller "Os-bilane" som vart det daglege namnet. Og vegane var ikkje betre for bussjåføren enn for lastebilsjåføren. Heller verre, for no hadde han ansvaret for andre personar enn seg sjølv. Steffen fortel at noverande E 39 var elendig ved Bahus, rett forbi grensa mot Bergen. På flaten der låg vegen på leire. I dei verste nedbørperiodar "flaut" vegen. Det hende at busspassasjerane måtte gå ut av bussen og gå den verste strekningen. Då vart bussen lettare (for folk tok bussen den gongen) og bussen sakk ikkje så langt nedi.

### **Osbilane og FOM-bilane**

Rutebilselskapet vart så Steffen sin arbeidsplass i bortimot 40 år. Det har vore ei rivande utvikling både med materiell og ruteplanar og ikkje minst med fusjonar. Han tok til som rutebilsjåfør like før siste verdskrig og heldt fram til han måtte dra til Sverige i 1944, p.g.a. illegalt arbeid. Det var ikkje så greit å køyra buss i krigstida. Bussen var stort sett det einaste transportmiddelet så sant du ikkje tok beina fat eller brukte sykkel. Det vart difor stor slitasje på bussane og lite med reservemateriell. Dessutan vart det etter kvart så vanskeleg å få drivstoff at bussar og lastebilar gjekk over til å køyra på knott. Personbilane køyrde på karbid. Så bilane køyrde på gass, som no igjen er komen "på moten", men no med gass frå Nordsjøen. Dessutan vert motorane no bygd med gassdrift



for auga. Det var ikkje tilfelle då. Motorane måtte byggjast om for dette nye drivstoffet. Knott var trevyrke som var kapp opp i små "terningar". Per Svarthumle fortel at han var stasjonert i vognhallen på Osbilane og arbeidde med knott. Og det var handarbeid alt saman. Veden måtte sagast opp i knottlengder og hoggast til passeleg storleik. Det var eit trasig arbeid, for ein såg ingen ende på det. Mesteparten av vognhallen var fylt opp med ved, som vart forvandla til knott. Og den for ut fortare enn svint. Denne produksjonen gjekk også føre seg ei kort tid etter krigen, inntil bensinleveransen vart normal igjen.



**Lastebil med knottgenerator ved Permanenten.**  
Foto: Einar R. Paasche jr.

Å køyra på knott var også eit bal for sjåføren. Forbrenninga gjekk føre seg i ein sylindrisk tank som var hengt bak på bilen, eller på sida for godsbilane. Den måtte fyllast opp før bilen gjekk frå Os til Nesttun. Lenger gjekk ikkje bussen etter at krigen hadde vart ei kort tid. Der korresponderte bussen med toget vidare til Bergen. Før returen til Os måtte det ny påfylling til. På Nesttun hadde Os-bilane knottlager i "Monsa-løo". For å vera sikker på ikkje å stoppa, måtte ein også ha med ein sekk med reserveknott i bilen. Å køyra med knott gjekk likevel greit, seier Steffen, når ein berre passa på at motoren fekk nok gass. Knotten hengde seg opp av og til og då måtte sjåføren ut og staka. Men det var dårleg trekk-kraft. Opp Vallaheiane kunne ein gå ved sida av bussen.

### **Krigstid og krisetid.**

Det var nok mange i Os som såg med vemod tilbake til Os-banen etter som det vart vanskelegare og vanskelegare med transport.

Den hadde vore eit kjærkome supplement til Os-bilane, som fekk store vanskar med å halda hjula i gang. Men Steffen og dei andre buss-sjåførane gjorde så godt dei kunne, sjølv om det nok røynde på når fienden krav at dei hadde førsteretten til å vera med bussen. Var det mange tyskarar som skulle på på Nesttun sto det gjerne ein tysk offiser i døra og passa på at hans folk kom først på. Ein gong tok Steffen likevel på ein del arbeidsfolk på Kalandseid, trass i full buss. Steffen visste at kom dei ikkje med denne bussen, så kom dei seg ikkje heim den kvelden. Bussen vart fylt "til randa". Offiseren, som ikkje var heilt edru, "tekla" heile vegen om at Steffen ikkje ville ha med tyskarar. Ortskommandanten hadde fått melding om episoden og kalla Steffen inn til forhøyr. Men det løyste seg opp utan noko meir.

Torsdag 23. nov. 1944 var det stor-rassia i Os. Steffen, som var aktiv i Mil.org., køyrde denne dagen arbeidsfolk til Nesttun, med avgang frå Os kl. 05.30. Tidleg avgang berga han frå å verta arrestert. For då han møtte 20-25 bilar på Vallaheiane skjøna han at noko var i gjære. Han sette bussen frå seg på Nesttun, ringde til kontoret på Os og sa han var vorten sjuk og gjekk i dekning. Først i Fana, seinare i Oslo til han kom seg velberga over til Sverige. Han trudde sjølv sagt at han skulle gå inn i dei norske troppane der. Men nei, han var for gamal, sa dei frå først av, heile 36 år. Seinare kom han likevel med og vart også sjåffør, for ein kompanisjef som ikkje hadde førarkort.

### **Møte med Torgny Segerstedt**

Den svenske pressa hadde gjennom første del av krigstida vore nokså ukritiske til den svenske utanrikspolitikken. Men ein redaktør sto heile tida fast i si kritiske haldning, redaktøren i Gøteborg Handels-och Sjøfartstidning, Torgny Segerstedt. Kona til Segerstedt var norsk, f. Synnestvedt, frå Hardanger. Kanskje var dette noko av årsaka til hans sterke engasjement for Noreg. Han var ein uredd forsvarar av fridom og rett og var ein varm forsvarar av den norske fridomskampen. – Men kva har så Steffen med Segerstedt å gjera? Jau, i Gøteborg kom Steffen i kontakt med forlagsredaktør Emil Moestue og viste han nokre bilete han hadde med frå heimefronten i Noreg. Moestue meinte at Steffen måtte gå opp til redaktør

Segerstedt og visa han desse. Som sagt så gjort og Steffen vart teken vel imot. Segerstedt skreiv seinare om dette besøket i avisa, utan å nemna namn, sjølv sagt.

### **”Æresvakt” for ein fiende.**

Då krigen slutta låg hans avdeling ved Storlien i Sverige, nær norskegrensa. Avdelinga hans reiste med tog til Trondheim, der toget stogga utpå ein kai der det låg 3-4 tyske krigsskip. Kaien var underminert for kvar 10 meter. Ville fienden sprenga kaien, så gjekk også dei tyske båtane i lufta. Avdelinga vart forlagt ymse stader, som Steinkjer, Oppdal, Røros og Veblungsnes. Ein episode frå sistnemnde stad: Dei tyske krigsfangane vart kalla ut til oppstilling. Det mangla ein mann og to soldatar vart sendt inn i barakka for å henta han. Men denne karen ville ”ta” nordmennene, sjølv om dei var væpna. Av ein eller annan grunn vart det løyst skot og tyskaren vart drepen. Under gravferda fekk alle dei tyske fangane lov til å vera med. 8 norske soldatar vart tekne ut til å vera ”æresvakt”, mellom dei Steffen. *”Ikkje noko kjekt oppdrag”*; seier Steffen. Soldaten som skaut vart stilt for krigsrett, men vart frikjent då han handla i nødverge, gjekk dommen ut på. Steffen var i Trondheimsområdet til november 1945. Først då kunne han gå over i sivilt arbeid igjen.

### **Tilbake til normalt arbeidsliv**

Då Steffen kom tilbake til Os etter opphaldet i Sverige gjekk han inn i stillingen sin i buss-selskapet. Men det vart etter kvart mindre og mindre med busskøyring og meir og meir kontorarbeid. Normalt arbeidsliv vart det likevel ikkje dei første åra. For var det vanskeleg med materiell under krigen, så var det ikkje så mykje betre dei første fredsåra. Å skaffa nytt var mest uråd. Frå boka ”en særdeles hyppig Kommunikation” saksar eg: *”Med den heller gamle og slitne bilparken Osbilane hadde då krigen braut ut, var det vorte reint skrøpeleg stell med bilmateriellet då freden kom. Berre ein tredjepart av dei bussane billaget rådde over i 1940, var framleis i drift 5 år seinare. ”Selskapet har hatt 5 bussar og 4 lastebilar i vanleg drift gjennom året mot 15 bussar før krigen”, står det i årsmeldinga for 1945. Rare greiene var det heller ikkje med dei bussane som var i bruk. ”Torsdag 8. Februar var soleis alle rutebilar og ein lastebil i*

*ustand og måtte stå”, står det i same årsmeldinga. ”Vegane var ofte svært skrøle, særleg i februar 1945, og for ikkje å øydeleggja bilane fullstendig, stogga selskapet all bildrift 6 dagar i februar og 2 dagar i mars månad”.*

For å få bussparken på fote igjen måtte det tenkjast kreativt. Å kjøpa nytt var utenkjeleg. Løysinga på kort sikt vart at selskapet kjøpte 4 lastebilar frå Nord-Noreg. Desse vart så bygd om til bussar og gjorde teneste som det i lang tid.

Steffen ”heldt ut” i arbeidet i buss-selskapet, som kontormedarbeidar, som kontrollør og som vikarierende sjåffør til han måtte slutta då han runda 70 år. Men han er ikkje samd i uttrykket ”heldt ut”, for han lika seg så godt i arbeidet at han gjerne skulle ha halde på lenger. Men slik er livet. Ein gong må det vera slutt på eit aktivt arbeidsliv, sjølv om ein er aldri så arbeidsfør.

Men ein kan vera aktiv som pensjonist, sjølv om det helst vert ”brødløse verv”. Steffen kom med i Os Pensjonistforening frå starten av. Han var ein av stiftarane, var også foreninga sin første formann og var ein av fleire drivande krefter for bygging av Eldresenteret. Pensjonistforeninga har såleis vore ein kjær ”ven” for han, og han er framleis å sjå i huset både ved tilstellingar og til andre tider.

Steffen har passa på å halda seg i fysisk god form. Aktiv idrettsmann har han ikkje vore, men tok prøvene til idrettsmerke årleg, siste gong då han var 83 år. Han har dessutan hatt særleg omsut for dyr. Hunden, som vimsar fram og tilbake over golvet i stova, tar seg gjerne ein tur opp i fanget til han. Omsut for dyr førde han inn i foreninga ”Dyrebeskyttelsen”. Arbeidet for dyra vart vedsett så høgt at han vart utnemnd til æresmedlem i denne foreninga. Eg forlet Steffen, sitjande i godstolen, med hunden i fanget.

Tilleggskjelder: Kommunestyreprotokollar  
Boka ”en særdeles hyppig Kommunikation”

# Gamle rim og regler frå Os

Nedskrivne av Annanias Lien i 1988

## Ro te bydn

Ro te bydn, ro te bydn, ro longst ette fjor`n  
Føst kjeme far`n å so kjeme mor`n  
So kjeme søster`n å so kjeme bror`n  
Å sist kjeme Ura-Mons`n, han ska styra ror`n.

## Bukken sto i bratte brekka

”Dei må vera rappe på sin munn dei som ska seia:  
Bukken sto i bratte brekka, pitla på ei hatletetla,  
Bukken pitla tetlo lekka, tre gonger å ikkje anda.”

Dette skulle seiast tre gonger utan å dra pusten meir enn ein gong.


## Ka ska fruo ha te mat

Ka ska fruo ha te mat på dan tolvte dagen:  
Tolv forlorne piger  
elleve slagne kviger  
tie tønder birum-birim  
nie majorer med sine galloner  
otte hjorter med naver og horn  
syv vinharper  
seks vinskraper  
fem finger flesk  
fire svaner med fjærer og dun  
tre kalkoer  
to par ender, føttene med  
og ett par hollandske duer.



## Ria, ria ranke I

Ria, ria ranke te møllar`n sitt hus  
å dar va ingjen heima adna ein liten katterpus  
å katt`n te å mala, å ha`n te å gala  
å tre små honna seie vau, vau, vau  
å katt`n te å mala, å ha`n te å gala  
å tre små honna seie vau, vau, vau.




## Ria, ria ranke II

Ria, ria ranke, hest`n heite Blanke  
hest`n heite Apalgrå, sete ein liten junker på  
Kar ska han ria? Te fut`n for å fria  
Dar e ingjen heima, adna to små sveina  
å so to små honna so sete onna benkjen å gnege seg på lenkjen  
å seie vau, vau, vau ut i høgaste veret.

## Bokkjen sto i lo`n

Bokkjen sto i lo`n  
Me linnebla i mo`n  
Rista på hødno mong ein gong  
Haure so at fugl`n song  
Fugl, lån meg vengjo di  
Ka vil du me vengjo mi?  
Eg vil fyka øve strann  
Longt av lei å opp i lann.  
Dar e ikkje væta  
Dar e godt å gjæta  
Dar gjele gaukjen  
Dar vekse laukjen  
Dar krype maur`n  
Høgt opp på staur`n  
Dar e da ro å fre  
dar gjæte jento fe  
dar spela gut`n ball  
Trallerall, trallerall, trallerall.



# Amulett

Det var ein av desse milde septemberkveldane – i det merkelege brytingsromet der mjuk fønvind kallar på naken hud i skyminga, medan stjerneklåren styrkjer seg plass over fjella, og minner om at ingen ting kan møte septembarnatta som *ull*.

Over rykande kaffikoppar med geitostsneier oppi drøfta me planane for ei vellukka morgonjakt – der sjølvaste Skredlikongen stod fram som den mest unemnelege og uoppnåelege framtoningen som kunne tenkjast å ruva fram på morgonklåre netthinner.

Blå røyk steig til vørs frå ein og annan "Bellman" – medan spikjekjøtknoken og tollekniven vandra frå bukselår til bukselår.

Me hadde med oss ein garva slitar innifrå eplebygdene i Harding denne gongen. Ein seig sauebonde som framleis meinte at Krag-Jørgensen-rifla slo ut dei fleste av desse nymotens jaktbørsene med langt tyngre kaliber.

Mange gode soger kom på bordet, og låtten sat *laust* når skrønene vart for synberre.

Ein flugefiska gravlaks gav aromaen sin til beste – medan peaneter frå bøffellanda i vest sytte for å oppretthalda ein naturleg tyrste etter kvart som natta seig på.

## Gjesten vår

Den aldrende gjesten vår sette tydeleg pris på den enkle og salte serveringa – og det merkast eigentleg lite at han var komen inni "the late seventies", som han sa. Sprek som ein røysekatt, var han – og senete og rukkete både på nevane og i andletet. Augnebrunene var ekstra store og tettvaksne, og når han lydde etter, nydde dei seg til som dei argaste

hubroduskar.

Han bar ei lyseblå, blomstrete skjorte med stutte ermar, og hadde kosta på seg ein liten kile av gull i ei av framtennene – frå den tid han var krøterhandlar vest i Statane. Han kalla seg *Leslie* – men det var fordi han tykte so vèl om det namnet at han nytta *det* i staden for Bjørn, som stod oppført i kyrkjeboka inni fjordane ein stad.

Han var lettleva og full i galskap – men hadde ein djup undertone av respekt for livet – og for Han som hadde gjeve det. Me visste alle at han tok seg ei lita still stund *ute* før han kraup til sengs, og hadde ein roleg og ærleg samtale med Meistren medan augo var lyfte opp imot fjella.

Tobakk brukte han – ein *tung* sort, dessmeir – og slo heller ikkje eit måteleg glas ned i graset.


Det var dessutan dei som ville ha det til at opptil fleire amerikanarar i sin beste alder gjekk rundt med det same klåre, blåe blikket som sauebonden med Krag'en.

## Amulett

Kring halsen bar han alltid eit underleg smykke: Ei fem tommar lang bjørneklo hang i ei rein gullsnor om halsen hans, og ved sida – i same snora – dingla det ei deformert og soppforma blyspisskule frå eit Krag-Jørgensen-gevær – av kuletypen *Alaska*...

Han Leslie sa ikkje stort om smykket sitt – men handfôr den grove kloa mest umerkeleg gong om annan – som eit uforklarleg kjærteikn. Det var tydeleg at mannen og smykket på ein måte var *eitt* – og andre nære skyldfolk eller vener hadde han ikkje. Dei eldre syskena var borte, og barnlause hadde dei vore – *alle*.

Men det vesle småbruket sitt stelte han *godt*



– ordet gjekk at maken til stor og kjøtig smale som *hans* var det langt imellom – jamvel blant folk som hadde gått på landbruksskule og lese i bøker om husdyrhald og alt.

Han fortalde etter nokre glas både lett og levande frå spanande reinsdyrjakter austpå Vidda – der fôksnøen overraska det vesle jaktlaget hans, so dei laut grava seg inn under ein hilder under eit eller anna *hæ* – og flytte so over til endå meir dramatiske hendingar under hjortejaktene inni det heimlege apalriket sitt.

### Klo-soga

Han nemnde ikkje amuletten, denne gongen. Syntes vel gjerne det fekk vera *nok* at han hadde fortalt oss "den hele og fulle sannhet" for nokre år sidan – då ein ung og urøynd tvilar gav seg til å lura på om og kvar han hadde kjøpt stasen som han var so redd for. Han hadde då sett glaset hardt frå seg i bordet – og mørkna litt i brunene før røysta sokk til det mest uohørlege:

"Eg var etter *hjorten*, den gongen – og hadde gamle Lars`n med meg. Eg sat oppi Kvernhusåsen og hadde eit lite skotfelt ned mot ei utløe – og Lars`n gjekk ein liten kilometer rundt åskammen, i tilfelle der skulle stå ein bøtjuv eller to. Kragen låg over låra – og eg minnest endå at eg hadde lada med dei gamle selfangstpatronene – dei med dei lange kulene i."

Han var som snarast oppi halsgropa og kjende *etter*.

"Det stod nokre svære brakar nedpå leitet ved Kvernhusåsen-vadet, og *der* laut *hjorten* *over*, var det so han ville bort i austmarka.

Klokka leid fram i nonstida då eg hørde rasling i krattskogen der nede. Kragen vart avsikra, og det lange børserekelet fall på plass i aksla. Brått stod han berre der og vèra fram imot fossen. Haldet var ikkje meir enn sytti steg – og eg tenkte – medan eg sikta – på alle væa eg hadde funne etter bjørnedrepen smale. Tenkte på låtten og gliset når eg *fortalde* om det, truskuldig som eg var.

Seinare idest eg ikkje fortelja om slike funn. Det vart for uverdige, på ein måte.

Sjølvsagt *visste* eg at bamsen var freda, og hadde sakte høyrte både om rettssaker og bøter, og sinte naturvernarar. Eg heldt høgt i bogen og let skotet gå. Dette var ikkje tida og

staden for prat og argumentering.

Det vart ikkje mykje dramatik over fallet. Det svære brunbeistet seig liksom fint isaman der nedi einstapen – om lag som om han ville leggja seg nedpå og kvila seg – og lyda på fossemusikken.

Eg tok straks nytt ladegrep og sikta mot den grå bylten der nede. Lenge. Omsider luska det i lauv og brake – og Lars`n kom fram. Eg gav teikn til han – og skunda meg nedover mot bamsen.

Han vart ikkje lite storøygd då han såg kven som hadde fått blyet i seg. Fåmælt som han var, denne Lars`n – var det einaste han fekk or seg: "Da e` vel best me faor fat i ain spa."

### Løyndomen

Dei to tagale sauebøndene gjorde sams arbeid av tanken – og etter eit par dryge timar var bamsen i jorda; - men då slik at karane tok med seg kvar si veldige klo frå eine framlabben. Dei lova kvarandre dyrt at her skulle fjernsyn og radio sleppa å kasta vekk dyre bensinkroner – og sameleis at det skulle gå minst 30 år før soga vart kjend – og då berre til nære og litande vener.

Lars`n laut i veg før "karantene-tida" var omme – og no fekk altså Leslie fortalt oss om denne storhendinga inne ved Kvernhusåsen under Torefjell.

Visst hadde dei snakka om å ta med seg ei koka kjøt eller to, og *skinnet* hadde sakte vore gilde greier å ha med seg òg, men so var det dette med folkesnakket, og kom *det* fyrst på gang, kunne det lett enda med både lensmann og viltneemd og rovdryrforskarar og heile bølet. Det var på ein måte greiare når heile skrotten gjekk i jorda.

*Kula* hadde stogga i skinnet uti den andre bôgen og løyst ut litt blod der. Difor fann dei henne. Dessutan kjendest det *endå* sikrare når soleis restane av drapskula var borte.

Dei dekte til den vesle grava med brun einstape og heiv torvmose oppå. Ein hås ramn hadde endå *sagt* eitkvart lite då dei siste torvene vart trakka *til*.

"Soga har nok dukka oppatt i ein og annan draumen," fortalde Leslie den gongen. "Slik er det vel med alle som ser seg nøydd til å ta liv i ein eller annan situasjon. Men", som han sa, "ikkje trur *eg* at eg er den einaste

bjørnedreparen på Vestlandet i sokalla moderne tid. Men dei tenkjer vel som *eg*, dei hine òg. Men kom berre ikkje og sei at Krag`en er for *veik* til hjortejakt. Eg – og fælt mange med meg – veit so mykje betre -.”

### Morgonen gryr

Ei minnerik natt er forbi. Fem grå rygger er på veg mot postane sine. To går ilag: Leslie går utan våpen – men har med seg både knivstål og buksprettekniv – i tillegg til eit par amerikanske flåknivar. Enno er det mange timar til jaget kjem i gang.

Glovarm kaffi på stålflasker. Egg og røykt fisk. Geitost og honning. I ei ventetid på 5-6 timar under lauvfallet er det godt å ha råd til det beste.

Ein vende Hals klagar sårt og tytande i småfurene. Det pistrar frå ein meiseflokk på frukostvandring. Over brunene heng ein fjellvåk og saumfer grastustene over bjørkegrensa på veg mot Svartehavskystane. Raudvengene istrar or seg eit og anna kallesignal på vinglete vegar mot sør. Raunane har kledd mesteparten av bunaden av seg og er *naknare* i år: Det er svartår for raunebær, noko som kan tyda på ein snørik vinter.

I lita krikkand lettar or ein myrsump. Graset er *raudt* i stilkene sine, og dei fyrste, raude morgonstrålane leikar seg med fjellgraset i himmelsynet. Morgonen luktar blod og brent krut.

# Hjerodstyret 1900

## BUDGET FOR OS HERRED 1900

Indtægter:		Udgifter:	
Handelsskat	kr. 400,-	Skolebudget .....	kr 8.170,-
		Amtsskat .....	kr 3.935,-
		Renter og Afdrag .....	kr 800,-
		Skyds og Diæt til Præsten .....	kr 375,-
		Lensmanden .....	kr 100,-
		Veivæsenet .....	kr 300,-
		Thinghold .....	kr 75,-
		Revision .....	kr 20,-
		Ligningen .....	kr 100,-
		Jordmødrene .....	kr 174,-
		Kassereren .....	kr 80,-
		Rigsforsikringen .....	kr 30,-
		Assurance, Vedligehold, tilfældige Udgifter .....	kr 541,-
Sum	kr. 400,-	Sum .....	kr 14.700,-
		.....	kr -400,-
		Udlignet for Skat .....	kr. 14.300,-

I Skolebudgettet er medtaget kr. 2.000,- til Nybygning. I Tilfælde Laan optages (5.000,-?) kan Budgettet nedsættes til kr. 12.300,-. Er tilbøielig for at stemme for Laan. Kr. 5.450,- udlignes paa Matrikulen og kr. 8.850,- udlignes paa Formue og Næring.

Erichsen (sign.)

# Osøren vannverk

Av Kåre Herdlevær

I "Bygdesoga for Os" skriv Egil Ertresvaag om tilhøva på Osøyro kring 1920, sett med ein dampbåtreisande sine augo: "Og på Osøyro, dit jarnvegen og hovudvegen frå byen førde, og der båten hans la til, kunne han sjå eit etter måten driftig bygdesenter med bustadhus, verkstader og forretningar. Hadde han trong til tobakk, kunne han få det hos Sofie Alsager i "Osørens Husholdningshandel", ville han ha skrivesaker, kunne han kjøpa det i M. K. Olsens papirhandel. Etter eit mål mat, eller kan hende ei kvild hos Kristi Berge som dreiv kafè og pensjonat, kunne han rusla ein tur rundt på staden. Han kunne sjå den ruvande bygningen til hermetikkfabrikken Bergen Packing Co., verkstaden til treskjeraren Ola B. Hjelle eller "Osøren Trebunnfabrikk", der Ola Tveit sat og gjorde tresko. Han kunne vitja dei to bankane, kyrkja eller det vesle kommunehuset."

Osøyro var altså blitt ein liten tettstad, eller strandstad og med det eit samfunn der det måtte eit felles løft til for å få orden på "infrastrukturen".

"Ulvenvandet ikke tjenlig ..."

På eit eller anna tidspunkt kring 1917 vart det skipa ein vassverkskomitè. Frå første møte i komitèen står det slik i møteboka: "20.marts 1917: Møte i Vandverkskomitèen. Hr. Bjørø formand, medlemmer: hr. Lundetræ, hr. Holtermann og hr. Heidenreich. Vedtok. "Det besluttedes strax at henvende sig til et ingeniørfirma om teknisk assistance." Ingeniørerne Erling Gjestland og G. E. Bonde vart engasjert. Desse må ha arbeidd raskt, for alt på møte 11.mai 1917 vedtok komitèen å utelata Ulvenvatnet som drikkevasskjelda og berre arbeida vidare med alt. I og alt. II frå Oselva. Grunngevinga var at ein ikkje hadde fått halde forsøktast over Ulvenvatnet og at "Ulvenvandet i den nuværende form ikke er tjenlig som drikkevand."

Ingeniørane legg alt i juli s.å. fram kalkyle over dei to alternativa. Rett nok skriv dei at : *det naturligste og billigste vilde være om vandverket for Osøren kunde anlægges med indtak i Ulvenvand*", men då dette , av overnemnde grunnar ikkje går, legg dei fram ei grundig utgreiing med kostnadsoverslag for dei to alternativa. Alt.I med inntak i Lundehølen utan trykkforsterking og alt.II med inntak frå Oselva ved ei lita hengebru som kryssa elva eit stykke nedanfor Lundehølen, pumpestasjon og høgdebasseng på Oshaugen.

Komitèen vedtok å kalla saman huseigarar og andre interesserte til møte og ville senda ut lister for teikning av bidrag.

Dette var under første verdskrigen. Det var dyrtid. Det gjekk tydeleg fram av kostnadsoverslaga frå konsulenten, som viste førkrigspris og notidspris (krigspris). Prisen var blitt auka med 70-80 %. Det var difor ikkje å undrast på at komitèen



"Hydrant Brann" frå 1927. Foto:Teknisk etat.

i møte 3.februar 1918 gjorde slikt vedtak: "Man enedes om, paa grund av de vanskelige tider, med hensyn til de høie priser paa alt materiel at lade sagen bero indtil billige tider vil indtræde. Man besluttede at oversende sagens dokumenter til Os Herredstyre". Men Os Herredstyre tok ikkje mot invitten til å arbeida



med saka. Det var dyrtid for kommunen òg. Det går vel fram av eit vedtak 15.05.1918 der heradstyret ber om at A/S Bergen Packing tek ein større del av kostnaden med ingeniørarbeidet, som i det heile var på kr. 2.300,-.

### Ulvenvatnet likevel

I juni 1922 var det igjen kalla inn til møte i vassverkssaka. Krigen var over. Prismessig var det blitt meir normale tider, men saka var like uløyst. Kven som tok initiativet no er uklart. Men det vart vald ein komitè til å føra saka vidare, med desse medlemene: Bakar Johan Fretheim, landh. John Moberg, fabrikk eigar Gerhard Berg, bakar Mons Hauge og heradskassarar Andr. Lyssand. Sistnemnde som sekretær. Komitèen vart pålagt spesielt å arbeida for alt. I ovanfor, d.v.s. vatn frå Lundeholen. Men kom snart til at dette alternativet var ubrukeleg, trykkmessig og då særleg til brannsløkking. Alt. II ovanfor vart også forkasta på grunn av for høg anleggskostnad og store driftsutgifter (pumpestasjon). Så sto ein altså igjen med å ta vatn frå Ulvenvatnet, sjølv om dette tidlegare var underkjent grunna dårleg kvalitet og problem med vassrettane. Når det gjaldt kvaliteten trøyta komitèen seg med at tidlegare undersøkingar var frå 1916 og at *"ekserserplassen har senere foretatt store sanitære foranstaltninger for at forebygge forurensningen av vandet. Der er bl. a. lagt renseskummer for alle kloakker, likesom at kløvask direkte i bækkene ved ekserserplassen er ophørt"*. Dessutan, Nesttun – Osbanen hadde brukt Ulvenvatnet som vasskjelde, både til verksemda og til bustadhus på Osøyro, utan påvist smittefare.

På Ivar Kuvens eigedom hadde ein funne ei vassrik oppkomme og ved å filtrere vatnet frå Ulvenvatnet inn i denne oppkomma måtte dette vera fullt forsvarleg. Dessuten: *"Formannen i Os sundhetskommisjon hr. distr.løge Johannessen hadde intet at indvende mot planen"*.

### Nesttun-Osbanen sitt "vannverk"

Osøren Vandverk var ikkje det første vassverket på Osøyro. Nesttun – Osbanen måtte ha rikeleg med vatn til drifta. Det måtte difor byggjast eiga vassforsyning til verksemda. Damplokomotivet krov rask og effektiv påfylling. I boka "en særdeles hyppig kommunikation" skriv Åsmund Lien slik: *"Næraste nabo til Os stasjon var Osøren Hotel, som Ernst Peder Nielsen hadde teke til å driva i 1890. I 1894 skreiv Osbanen kontrakt med Nielsen, der han fekk løyve til å leggja inn tre vassleidningar frå banen si vassleidning mod at erlægge en Kontingent af Kr.25.00 pr. Ledning aarlig. (...) Banen forbeholder sig Ret til, naarsomhelst det maatte ansees nødvendig (...) midlertidig eller stedse, at afstenge Ledningene"*.

*Då Osbanen la vassleidning frå Kvednelvo til Os stasjon, hadde oppsittjarane på Kuven og Moberg, som åtte elva, gjeve løyve til dette utan at banen skulle betala noko for vatnet. Når no Osbanen tok pengar for å selja vatnet vidare, ville dei som åtte elva gjerne få sin del av denne inntekta"*.

Osbanen tok såleis indirekte vatn frå Ulvenvatnet. Ved Kvednelvo, på sørsida, litt ovanfor øvste kverna, kan ein framleis sjå restar etter inntaksdammen. Stoppeventilen som høyrer til ser ut til å vera intakt, altså 65 år etter at Osbanen vart lagt ned. Ein liten kum, bygd av steinheller rundt ein ventil for 3" (?) leidning er prøvet på det.



Stoppeventil i kum frå Os-banen si tid.  
Foto; K. Herdlevær

### Ekspropriasjon

Det var private interesser knytt til Ulvenvatnet. Å ha ein vassrett er eit privilegium som ein ikkje gir frå seg frivillig, i alle fall ikkje utan ein god økonomisk kompensasjon. Det var difor ikkje så rart at forhandlarane frå Osøren Vandverk ikkje kom til noko semje med oppsittjarane på Kuven og Moberg, både om vassrettar og grunnavståing. Tilbodet var altså for dårleg.

Private kan ikkje eksproprierar. Det må eit offentleg vedtak til. Difor tok kommunen på seg å eksproprierar dei rettane som trongst for at vassverkssaka skulle bli løyst. Kommunen overlet til o.r.sakf. Otto Roll – far til h.r.adv. Eivind Roll som var kommunens advokat gjennom ei årrekke – å føra ekspropriasjonssaka. Forsøktakst vart halden 04.09.1924, men grunneigarane var ikkje fornøgd med den og anka. Overskjønnet seinare på året, gav eit dårlegare resultat for grunneigarane enn forsøktaksten, så det løner seg ikkje alltid å anka. No sto det berre igjen å overføra dei rettane som ekspropriasjonen gav til Osøren Vandverk. Dette vart endeleg avgjort ved vedtak i Os Heradstyre 25.05.1926. Med dette vedtaket sa kommunen frå seg ansvaret for vassforsyninga på Osøyro. Det var dei private interessene i Osøren Vandverk som no måtte ordna opp.

## Vassverket i drift

No vart det full fart. Brannsjef Bernt Rolland i Bergen vart tilsett som teknisk konsulent. Norges Brandkasse, som måtte inn i bilete når det gjaldt vatn til brannsløkking, godkjente dan valde løsinga med Ulvenvatnet som vasskjelde. Konsulenten utarbeidde planar, henta inn prisar og presenterte eit kostnadsoverslag på kr. 52.720,-, der kr. 3.720,- var utgifter for vassrettane. I summen var også kostnad for hydrantar og brannmateriell. Med desse opplysningane som grunnlag vart det kalla inn til møte med interessentane den 14.04.1925 i kommunelokalet (det gamle kommunchuset). Styret som vart vald var: J.R.Landmark formann, Gerh. Berg, John J. Moberg, Andr. Lyssand og John O. Tøsdal. Det vart vidare vedteke statuttar for Osøren Vandverk og styret fekk fullmakt til å setja arbeidet i gang under visse føresetnader. 28 personar skreiv under protokollen. § I i statuttane lyder slik: "Osøren vandverk er en sammenslutning av opsittere paa Osøren og omegn, der har til formaal å vannforsyne sine eiendomme samt anskaffe og oprettholde brandvesen paa stedet". Med dette vedtaket hadde kommunen heller ikkje noko ansvar for brannsløkking på Osøyro.

Korleis skulle arbeidet finansierast? I statuttane § V står det: "Anleggskapitalen utlignes paa interessentene med ca. 40% paa deres eiendommers skattetakst og ca. 60% paa vannforbruk, og enhver har eiendomsrett i verket i forhold til det av ham innbetalte beløp". På dette grunnlag vedtok styret 31.07.1925 å utlikna eit grunnfond etter kr. 15,- pr. 1.000,- kr. skattetakst på eigedomane + varer og maskiner og kr. 150,- pr. familie.

Arbeidet vart truleg sett i gang like etter at tilboda vart godkjende, d.v.s i andre halvår 1925.

Det er kjente namn på dei firma som tok på seg arbeidet. Wallendahl & Søn levert eindel av røymateriellet, Nils K. Moberg og E. K. Moberg tok på seg noko av gravearbeidet og Ole O. Ulven noko. Sistnemnde vart seinare vegvaktar i kommunen. Det er uklårt både når arbeidet vart sett i gang og når vassverket vart sett i drift. Men anleggsrekneskapan er datert 01.06.1927, så truleg var anlegget driftsklart ei god stund tidlegare. Rekneskapan viser at sjølve anlegget kosta kr. 57.990,-, d.v.s ein auke på om lag 18% for anleggsarbeidet i forhold til kalkylen. Anleggssummen vart dekkja med grunnfondet, tilskot frå Norges Brandkasse og Os kommune og eit lån i Os Privatbank på kr. 6.656,-. – Eit slikt anlegg skulle ikkje ha store driftsutgifter. Det viser også det første driftsbudsjettet. Det veg jamt med kr. 500,-, der dei største utgiftene er renter og avdrag og dei største inntektene er "vandskat".

Arbeidet for styret i vassverket vart i åra framover stort sett å godkjenna utviding av dekningsområdet, nye abonnentar og syta for at brannutstyret var i god stand. Men området vart etter kvart så stort og ansvaret for styret så tyngande at årsmøtet 26.03 1952 vedtok å overdra vassverket til Os kommune. Dekningsområdet var då Osøyro, Steinneset/Haugneset, Moberg/Kuven, Oshaugen og Flåten. Men den formelle avviklinga av vassverket vart ikkje gjort før på årsmøtet 17.02.1960. Då vart det også vedteke at dei oppsamla midlane kr. 21.951,71 skulle gå til glasmåleri i Os kyrkje. Og med dette vedtaket går Osøren vandverk inn som ein del av lokalhistoria for Os.

Kjelder: Møteprotokollen for Osørens Vandverk. Boka "en særdeles hyppig Kommunikation"

~ Kvittering. ~  
Undertegnede erbygger mottagelsen idag av gave  
fra Os Vandverk under avvikling:  
- Kr. 21,951,71 -  
- Tjueett tusen ni hundre og femtiten 71/100 kroner -  
formål: Glasmalerier i korvintuene i Os kirke.

For gaven kvitteres med: Hjertelig takk.

Os Søkneprestebete

den 17. Mars 1960.



Jørn Bachariassen.  
Søkneprest

# Heradstyret 1900

Herredstyreelsesmøde 11.januar: "Forespørgende fra Telegrafinspektøren om Kommune- bidrag til Oprettelse af Telefonstation paa Osøren. Da man allerede har faat Station paa Osøren ansees Kommunebidrag fortiden upaakrævende."

Samme dato: "Et ældre Fond indestaaende i Os Privatbank stort Kr. 488,54 besluttedes delt mellem Sognene efter Matrikkelskylden."

Samme dato: "Ølbevilgning gaves til Fru Hansen paa Ulven paa de tidligere Betingelser med 11 mod 5 stmr., Berg 12 mod 4 stmr. og Røsseland 10 mod 5 stmr. – Nægtet Bevilgning blev Aadlands Hotel med 11 mod 5 stmr, Elvigs med 13 mod 3 stmr og Nilsen med 12 mod 4 stmr."

Os Sognestyre samme dato: "Den paa Os Sogns faldende Andel af den i Herredsmødet besluttede deling af et Fond bliver at afsette til anskaffelse af Orgel i Os Kirke."

Os Sognestyremøde 10.marts: "I anledning forhen tidligere vedtagen Garanti overfor Amtet vedkommende Veien Rød – Øverdalen udtaler Sognestyret ligeoverfor Regjeringen om Statsbidrag opnaaes: "At Sognestyret ved Udtrykket i Post 1 "efter Veistyrelsens Anordning" har ment det samme som Stortingsbeslutningen betegner ved Udtrykkene under vedkommende Amtsveistyrets Ledelse og Kontroll og efter den Plan som af dette godkjennes."

Os Sognestyremøde 26. April: "I anledning Andragende fra Opsidderne paa Hauge og Moberg om at faa opklaret Forstaaelsen af Klokkerregulativet, da de af Kirkesangeren vare bleven pantede for Told af Laxefiske, Skogeteig m.m. besluttedes Ordføreren bemyndiget til at indgaa med Forespørgsel til Kirkedepartementet om Forstaaelsen af Regulativet."

Herredstyreelsesmøde 7. Nov.: "I Anledning den afholdte Synsforretningen paa Kommunens Huse paa Præstegaarden bemyndiges Synsmændene at lade Arbeidet udføre saa snart som muligt med Undtagelse af Malerarbeidet der udstaar til Vaaren".

Samme dato: "Et noget lignende Skolehus som Sundøens bliver at oppføre i Nordstrønen. Det henstilles til Skolestyret at foretage det fornødne i Sagens Anledning."

## OS SOGNS BUDGET 1900:

Udgift:	Fattigbudget .....	Kr.	2.000,-
	Jernbanen .....	Kr.	1.550,-
	Veivæsenet .....	Kr.	400,-
	Veivedligehold .....	Kr.	660,-
	Kassereren .....	Kr.	50,-
	Biblioteket .....	Kr.	50,-
	Assurance og tilf. Udgifter.....	Kr.	115,-
Sum	.....	Kr.	4.825,-
Indtækt:	Ølskat .....	Kr.	300,-
	Renter .....	Kr.	125,-
	Indtækt af Kommunehuset .....	Kr.	100,-
Sum	.....	Kr.	525,-
Udligner paa Formue og Indtækt.....		Kr.	4.300,-



## BJØRNEFJORDEN

*Gjestetun*

Bjørnefjorden Gjestetun AS, 5200 Os  
Tlf: 56 30 40 00 Fax: 56 30 05 90  
www.bf-gjestetun.com

*kurs, konferanse, overnatting, selskap*

## OS UNGDOMSLAG

skipa 1890

Ver med oss i arbeidet  
for norske folkedansar:

Songdans, turdans,  
gamaldans og  
bygdedans.

Sjå lysing i  
Os & Fusaposten

# Bohus

Telefon: 56 30 34 10

## Vi støtter det lokale kulturmiljøet!

Hos oss får du alt du trenger innen bøker, fag-  
litteratur, CD-rom og data, papir og rekvisita.  
Vi har også mange godbiter fra ditt lokale miljø!

### M.K. OLSEN INTERBOK

5200 Os • tlf: 56 30 04 30 • fax: 56 30 29 80  
e-mail: m.k.olsen@interbok.no

## Alle slags planter

- PRYDBUSKAR
- NÅLETRE
- FRUKTTRE
- BÆRBUSKAR m.m.

M. HAUGE'S  
*Plantereskole*  
Moberg - 5200 Os  
Tlf. 56 30 03 60.

*Velkommen  
som medlem  
i Os Målag*

## Kvalitet!

- VERKTØY -
  - MASKINER -
  - REDSKAP -
- for  
HUS OG HAGE

**JERNIA**

*P. M. SÆLEN & CO. A/S*


Tlf. 56 30 04 00 - 5201 OS

VAR-teknikk • Veg • Bygg • Elektro • VVS



LOKALKONTOR  
Bjørnegården  
5200 OS  
Tlf. 56 30 06 90

REGIONKONTOR  
Solheimsgt. 13  
5824 Bergen  
Tlf. 55 59 86 00

**Rådgjevande ingeniører** 



**RENOVASJON -  
CONTAINERSERVICE**

**Tek på meg all slags bosskøyning.**

Ring tlf.: 56 30 58 35 - Lager kolskogen: tlf.: 56 30 16 17

Døgnvakt Mob.: 945 67 241

BESTILL DIN REISE HOS

**TRAVELNET**

**OS REISEBYRÅ A/S**  
POSTBOKS 2741 - 5201 OS

**TELEFON: 56 30 43 00**

FAKS: 56 30 43 10  
MOBIL 901 77 387

DET GJØR VI!

**Møbelservice a.s**

*Tidlaus Eleganse*

5212 SØFTELAND  
TLF. 56 30 71 70 • FAX. 56 30 74 35  
www.mobelservice.no  
e-post: post@mobelservice

SJEKK SYNET HOS OSS

**INTEROPTIK**

**H. Bakketeig AS**

Telefon: 56 30 18 00  
Telefax: 56 30 76 50



Blomar og planter  
i store parti  
me kjøper og sel  
frå vårt gartneri.

**Os byssand**  GARTNERI

SKEIE - Tlf. 56 30 55 10 Fax. 56 30 62 15

## DISTRIKTET SITT EIGE FORSIKRINGSSKAP

Hos oss kan du få dekket dine  
totale forsikrings- og lånebehov

**Ta kontakt med oss!**



**Gjensidige  
NOR**

OS Tlf.: 56 57 20 00  
FUSA Tlf.: 56 58 10 90



**Bli abonnent du òg!**

*Her finn du  
SISTE NYTT  
om det som hender  
i heimbygda di!*

**OS & FUSA  
POSTEN**

Boks 273 - 5201 Os - Tlf. 56 30 29 50

Me sel måling til tak og vegg  
Me mjuke tepper på golvet legg  
Me skaffar gjødsel til hagen din  
så plenen veks seg grøn og fin

**FARGERIKE Interiøren**  
AS Os Fargehandel

5200 OS - TLF 56 30 03 80 - FAX 56 30 14 72

*Roser og  
dekorasjonsplanter  
Gartneriutsal*

**Erling og Terje Lunde - Gartneri**  
5200 Os - Telefon: 56 30 40 70

# Bilens Butikk a.s



**BIL – BÅT– MOPED – MC**

Ta turen til våre nye lokaler v/E39. Vi ordner det meste for deg.  
SERVICEHALL BIL/MC • Forhandler for DERBI – JAWA – STARWAY

AUTO GLYM  
bil/båt-pleie

MANN  
filter

VALVOLINE  
oljer

BELRAY  
MC-olje

WALKER  
eksosanlegg

JORDMORSVINGEN 8, 5200 Os  
bilens.butikk@os.online.no

**56306350**

# Spare Bank 1 Vest

*Møteplassen*

## Velkommen!

# AMFI

SENTERET  
FLÅTEN - OS

**Ope kvardager: 10 - 20**  
**laurd.: 10 - 16 daglegvare: 9 - 18**

**Tidlegare Flåten Senter**

*Me har alt du treng som malar  
når du eigenhendig balar.  
Men me hjelper gjerne til  
når du sleppa mala vil.*



5222 NORDSTRØNO - TLF. 56 30 80 81 - BUTIKK: 56 30 11 80

GEO  
GRAFISK A.S BERGEN



**Kvalitets-trykksaker  
til riktig tid og  
riktig pris!**

Geo Grafisk AS Bergen  
Besøksadresse: Kokstaddalen 47  
Postadresse: Postboks 161 Kokstad • 5863 Bergen  
Telefon: 55 98 59 59 • Telefax: 55 98 59 49  
E-post: grafisk@geo.no



**HVOR SOM HELST - NÅR SOM HELST**

**Gaia har turbusser til  
alle formål**

**KONFERANSER**

**DAGSTURER**

**BLÅTURER**

**JULEBORD**

**MØTER**

**KURS**



Ring oss direkte på telefon  
55 55 44 54 eller 55 55 54 84  
e-post: [gaiareiser@gaiatrafikk.no](mailto:gaiareiser@gaiatrafikk.no)

GAIA  
TRAFIKK

Gaia Trafikk AS, Postboks 7405, 5020 Bergen





*Vi feirar jubiléet med  
innflytting i "Vaskeriet" 01.12.00*

*Vi tilbyr alle tenester innanfor  
røyrleggjarfaget, som:*

*Off. Vass- og kloakkanlegg • Varmeanlegg • Sanitæranlegg*

*Rehabilitering av sanitær- og varmeanlegg*

*Tilstandskontroll av sanitær- og varmeanlegg*

*Servicearbeid på tekniske anlegg*

*TV-inspeksjon av røyr og kanaler*

*Lokalisering av røyr og kablar*

*Utleige av minigravar*

*30 år i Os*



**Sverre Samdal**  
AUT. RØRLEGGERFORRETNING A/S



POSTBOKS 226, 5201 OS  
TELEFON: 56 30 15 83 • FAX: 56 30 12 50



Drømmer du om virkelig **STOR** avkastning?  
Spar 1000 kroner i måneden og se resultatene  
etter ti, femten, tyve år...

	10 år	15 år	20 år
300,- pr. mndr	62 778,-	126 713,-	231 907,-
500,- pr. mndr	103 276,-	208 962,-	382 848,-
1000,- pr. mndr	206 552,-	417 924,-	765 697,-
1500,- pr. mndr	309 828,-	626 886,-	1 148 545,-
2000,- pr. mndr	413 104,-	835 849,-	1 531 394,-

Tallene viser sparing i fond med beregnet årlig avkastning på 10%. Oslo Børs har over tid gitt en gjennomsnittlig avkastning på ca. 10%. Historisk avkastning er ingen garanti for at utviklingen blir like positiv i fremtiden.

**K**anskje du tidlig i livet vil sette av penger til pensjonstiden, til en drømmereise eller for å ha penger i bakhånd til kommende tider.

Start sparingen nå og se hvordan sparebeløpet øker for hvert år som går. Vi tilbyr 31 ulike fond - fra tilnærmet risikofri sparing med lav og sikker avkastning - til investeringsprodukter med høy avkastning og høy, men kalkulert risiko.

**Stikk innom vårt kontor på Os eller ring oss på tlf. 56 30 07 00. Du kan også ringe DnB Direkte, tlf. 810 00 365.**

 **Den norske Bank**

## OS MÅLLAG

SKIPÅ 1920

Styret:

Leiar: Elfrid Moberg

Skrivar: Signe Rydland

Kasserar: Oddvar Bentsen

Styremedlem: Maghild M. Noss, Lars Skorpen

*Ta kontakt med eit av styremedlemene.*

# Din totalleverandør av finansielle tenester

 **KREDITKASSEN**  
Vi gir deg bedre råd!

Filial Os - 5200 Os - Telefon 56 57 20 10 - Telefax 56 30 27 37

Løysingar frå

# BARNE SIDER



1) ↓ V	2) ↓ I	4) ↓ N	T	5) ↓ E	6) ↓ R
3) → E	V	A	/	6) → Ü	R
4) → G	A	T	E	R	/
/	5) → R	T	/	7) → O	7) ↓ S
4) ↓ I	/	/	8) → O	P	P
10) → S	I	L	D	A	/



				F	O	T	B	A	L	L	
2	T	O	R	S	K						
		3	M	I	N	U	S				
			4	O	V	N					
	5	F	Ø	D	S	E	L	S			
				6	O	S	E	L	V	A	R
7	A	S	K	E	L	A	D	D	E	N	



## SVAR PÅ GÅTER

1. Ein til å klippe og ein til å lime.
2. Eit mirakel.
3. For at det skal verte lettare å skubbe.
4. Å bli tatt i fartskontroll.
5. Gaffelen.
6. Flaska.
7. Dei stod på alle fire når dei blei lakkert.



*Osøyro kring 1880. Måla av Sigurd Bugge i 1960 dels etter fotografi, dels etter konsultasjonar med eldre folk.*